

## Referat frå møte i skolemiljøutval (SMU) og samarbeidsutval (SU) ved Knappskog skule

Tid: **Torsdag 26.10.23** klokka 18-20 (elevråd er med den første timen)

Stad: Knappskog skule, møterom.<

### Til stades på møtet:

Linnea MS elevrådsleiar

Linnea F, sekretær i elevrådet

Sara Rigstad, leiar FAU

Are Gaasland, FAU

Andrè Hagberg, FAU/ Trafikkutval

Elna Nybakk, politisk representant

Lisa Skutle, teamleiar småtrinnet

Nina Skråmestø, vikar for SFO-leiar Katrine Abelsen

Solfrid Kleiven, rektor

Fråfall: Inga Grøm Sæle (teamleiar mellomtrinnet) og Katrine Abelsen (SFO-leiar)

### Saker SMU:

1. Velkomst og presentasjon.

2. **Skulemiljø; trygt og godt?**

Rektor informerte om at skulen arbeider med konkrete mobbesaker og har fleire aktive § 9a-saker/ skulemiljøsaker. Parallelt med desse sakene jobbar skulen førebyggjande med Gledingskole på dei ulike trinna og har aldersblanda gleding-dagar gjennom skuleåret. Elevane frå elevrådet fortalde at dei ser at ikkje alle har nokon å vere i lag med i friminutta. Har korona-tida hatt noko å seie for korleis elevane oppfattar skulen og samvær med andre born? Det er særst viktig at elevane blir godt kjend og at dei føresette blir kjende med kvarandre.

#### Konklusjon:

- Ha fokus på å bli betre kjend ved å ha sosiale aktivitetar, t.d. kanonballturnering i skuletida og kveldsarrangement i regi av FAU på skulen.
- Prøve å utnytte fadderordninga betre, rektor tar dette opp i personalet. Kanskje vi på denne måten kan få dei eldste til å kjenne meir på ansvar for dei yngre.

3. **Uteområdet/ friminutt**

Ein viktig arena for elevane, men her skjer og mykje som dei vaksne ikkje alltid får med seg. Rektor fortalde at vakthaldet har vorte styrka på fotballbana etter innspel frå elevrådet i vår. FAU vil gjerne bidra med konkret hjelp på dette området og spurte elevane om kva dei ønskjer. Politisk representant spurte og om frivillige kan bidra i

friminutt som ekstra vaksne som kan snakke med elevane og vere med på å tryggje dei.

Konklusjon:

- FAU skaffar stor ball (TL-leike som blei øydelagd i fjor) og evt. fleire TL-leiker.
- Elevrådet får lage eit forslag til plan for uteområdet; kven, kva, kor?
- Hinderløype er ønska, spesielt frå småtrinnet.
- Fleire disser, gjerne dei store runde.
- Vurdere å få andre vaksne, t.d. pensjonistar til å bidra i frimiunutt.

#### **4. Trafikksikkerheit og skuleveg**

- Det har vore ein del tull på busstoppet nede ved hovedvegen.
- Elevane melder om hol og steinar i Spjeld-tunellen.
- Teiknekonkurranse frå Trygg Trafikk er etterlyst frå elevane.
- FAU foreslår Trafikk-/ sykkel dag i regi av FAU.
- Elevane ønskjer trekk til sekk med refleks, for sekken har dei alltid med.
- OBS: Bremsar/ framhjul som har vorte løst på ein del sykklar, auka vakthald på skulen og felles fokus på dette (Tik Tok-trend) som kan få alvorlege konsekvensar.
- Informere ut om rundkøyring, parkeringsplass, refleks og overgang.

Konklusjon:

- Trafikk-koordinator tek kontakt med vegvesenet om Spjeld-tunellen.
- Rektor informerer om teikne-konkurransen internt på skulen.
- Samarbeid mellom skule og trafikk-koordinator om opplæring (sykkeldag, refleks) og om informasjon ut til dei føresette om bruk av rundkøyring, parkeringsplass og overgangsfelt etc.
- Skulen vurderer korleis vi på ein god måte kan invitere inn andre vaksne til friminutta på skulen
- Skulen informerer via Transponder i saker som føresette må vite om.

#### **5. Språkbruk på skulen.**

Dei tilsette fortel om daglege krenkande ord og stygt språk mellom born og frå born til vaksne på skulen. Handlar det om at borna ikkje skil mellom spel-verda og den verkelege verda? Det er nok ei kompleks problemstilling, men vi som skule må informere og ta tak i dette i lag med elevar og føresette. Elevane meiner at dei eldste må vere betre førebilete.

Konklusjon:

Alt skjer i ein sosial kontekst, men likevel viktig at vaksne grip inn i det som skjer både i spelverda og i kvardagen. FAU vil bidra. Ha som mål å få til ein språkkampanje knytt til Gledingskolen. Tilsette på skulen snakkar om dette når gledingskule og psykososial plan står på agendaen på planleggingsdagen den 3. november.

Saker SU:

**1. Helsevern på skulen**

Helseverngodkjenninga til skulen blei ikkje trekt. Midlertidig løysing med tanke på støy og radon? Ventar rapport etter gjennomgang av tilstanden på skulen, rektor informerer FAU så snart den kjem.

FAU engasjerte seg i radon-saka og fekk satt søkjelys på ei problemstilling som gjeld for fleire skular i kommunen.

Informasjon frå skulen: Leikestativet blir utbetra og vi får nytt underlag som er tjukkare enn det som var, arbeidet er i bestilling.

**2. Rutinar for arbeid med trygt og godt skulemiljø.**

Rektor viste skulen si interne rutine og materiell/ informasjonsskriv frå Utdanningsdirektoratet (Udir):

[Informasjon til elever og foreldre om skulemiljø \(udir.no\)](https://www.udir.no/temaer/trygt-og-godt-skulemiljo)

Det er flott at informasjonen finst på fleire språk, men vi saknar info på ukrainsk. Rektor melder frå til Udir om dette.

Det kjem ei ny opplæringslov frå hausten 2024, det er kanskje derfor materiellet ikkje er oppdatert. Enn so lenge nyttar vi det materiellet som ligg på Udir si nettside.

Rektor sender ut til alle føresette som ei påminning via Transponder.

**3. Skulen sitt ordensreglement;** Dette må vi revidere i løpet av skuleåret og blir sak på eit seinare møte.

**4. Skulerute for neste skuleår;** Vi treng å flytte/ endre på planleggingsdagar for å få til ein studietur for personalet i januar 2025.

*Neste møte i SU: Måndag 4. desember kl. 18.00.*

Referent: Solfrid Kleiven, rektor